



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 18

(2003–2004)

## Om lov om endring i lov 27. februar 1930 nr. 3 om Bouvet-øya, Peter I's øy og Dronning Maud Land m.m.

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 21. november 2003,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Innleiing

Justisdepartementet gjer i denne proposisjonen framlegg til endring av lov 27. februar 1930 nr. 3 om Bouvet-øya, Peter I's øy og Dronning Maud Land m.m. (bilandslova). Føremålet er å innføre på nytt ein heimel for å gi forskrifter om miljøvern i dei norske bilanda.

### 2 Bakgrunn

Det har tidlegare vore heimel for å gi slike forskrifter i bilandslova § 2 andre ledd som seier at forskriftsheimelen i svalbardlova § 4 skal gjelde tilsvarende. Heimelen har vore brukt til å gi forskrift 17. desember 1971 nr. 9 som fredar Bouvetøya og territorialfarvatna rundt som naturreservat. Heimelen for å gi forskrifter om miljøvern fall bort da svalbardlova § 4 vart endra i samband med vedtaking av lov 15. juni 2001 nr. 79 om miljøvern på Svalbard. Formuleringa «fredning av dyr, planter, naturformasjoner, landstrekninger og fortidslevninger» vart da teken ut. Ein ny heimel for miljøforskrifter på Svalbard vart gitt i svalbardmiljølova. Det er ikkje noko som tyder på at ein ved endringa meinte å fjerne heimelen for å gi forskrifter om miljøvern i bilanda. Om bakgrunnen for endringa heiter det i

Ot.prp. nr. 38 (2000–2001) s. 167 at «forskrifter innenfor svalbardmiljølovens område heretter bør gis med hjemmel i svalbardmiljøloven, og det bør ikke kunne oppstå uklarhet om en forskrift med hjemmel i svalbardloven kan avvike fra svalbardmiljøloven. Av den grunn foreslås det at hjemmelen for miljøvernforskrifter i svalbardloven oppheves».

I lov 27. februar 1930 nr. 2 om Jan Mayen har ein òg ei formulering om at svalbardlova § 4 gjeld tilsvarende, jf. § 2 andre ledd. I denne lova vart det i samband med vedtakinga av svalbardmiljølova gitt eit nytt tredje ledd i § 2 der det heiter at «Kongen kan gi forskrifter om miljøvern på Jan Mayen», jf. svalbardmiljølova § 103. Ved ein feil vart det ikkje samstundes gjort ei tilsvarende endring i bilandslova. Det er ei slik endring det no vert gjort framlegg om.

Sanksjonsføresegna som tidlegare òg hadde heimel i bilandslova § 2, jf. svalbardlova § 4 andre ledd, foreslår ein å innføre på nytt ved å la svalbardlova § 4 andre ledd gjelde tilsvarende for forskrifter gitt i medhald av heimelen ein her gjer framlegg om.

### 3 Høyring

Endringa går ut på å innføre på nytt ein heimel som eksisterte fram til 1. juli 2002, og som fall bort ved

ein inkurie. Alminneleg høyring er derfor ikkje naudsynt, jf. Utredningsinstruksen punkt 5.4 c. Forslaget om lovendring vart for ordens skyld lagt fram for Miljøverndepartementet, Finansdepartementet og Utanriksdepartementet som ikkje hadde merknader.

#### 4 Økonomiske og administrative konsekvensar

---

Endringa vil berre ha ubetydelege administrative og økonomiske konsekvensar.

Justis- og politidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endring i lov 27. februar 1930 nr. 3 om Bouvet-øya, Peter I's øy og Dronning Maud Land m.m.

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endring i lov 27. februar 1930 nr. 3 om Bouvet-øya, Peter I's øy og Dronning Maud Land m.m. i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til lov om endring i lov 27. februar 1930 nr. 3 om Bouvet-øya, Peter I's øy og Dronning Maud Land m.m.

#### I

I lov 27. februar 1930 nr. 3 om Bouvet-øya, Peter I's øy og Dronning Maud Land m.m. skal § 2 nytt tredje ledd lyde:

*Kongen kan gi forskrifter om miljøvern på Bouvet-øya, Peter I's øy og Dronning Maud Land. Bestemmelsen i lov om Svalbard av 17. juli 1925 § 4 andre ledd får tilsvarende anvendelse.*

#### II

Lova trer i kraft straks.

---

---